

Protokoll

Møtenummer : 6/2016-2018
 Dato : 9.februar 2017
 Klokka : 17.00- 20.30
 Stad : Scandic Sunnfjord hotell –Førde

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Martine Viken		X		
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian	X			19,20,21,22
Leversund, Anne, organisasjonssjef	X			
Ingrid Narum , plan og utviklingsleiar	X			
Erling Benjaminsen, økonomikonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte:

Representasjon:

22.desember 16	Dale Idrettslag , markering Kjerstin Boge Solås	Nils R. Sandal
7.januar 2017	Idrettsgalla, Hamar	Nils R. Sandal, Anne Leversund
2.februar	SF Orienteringskrins	Arve Heimdal

Vi får besøk av idrettspresident Tom Tvedt og leiar i idrettspolitisk avdeling ,Per Tøien.
 Dei vil delta i styremøtet frå ca. klokka 19.
 Styremøtet vil bli avslutta med felles middag.

Fordele kommande representasjonsoppgåver

IL Bjørn 50 års markering	01.03.2017	Lilly Schøyen
Vektløftarkrinsen, Breim	28.02.2017	Nils R Sandal
Gymnastikk & turn , Loen	18-19. 03.2017	Nils R Sandal (Backup Ingrid Narum)

Nytt frå administrasjonen – Orienteringssaker

Nytt sidan sist v / styreleiar, organisasjonssjef.

SAKER :

- 19 2016 - 2018 Protokoll frå førre møte
- 20 2016 – 2018 Møteplan 2017
- 21 2016 - 2018 Økonomisk årsmelding 2016
- 22 2016 - 2018 Rekneskap 2016 .
- 23 2016 - 2018 Årets frivillige i fylket -idrettsnamnet 2017

Sak 19 Protokoll frå førre møte

Vedtak: Protokollen er godkjent

Bakgrunn : Jfr protokoll frå idrettskrinsmøte nr 5/2016-2018

Sak 20 Møteplan 2017

Vedtak: Idrettskrinsstyret vedtek følgande møteplan for 2017.
Administrasjonen sjekkar og ut interessa for eit eventuelt felles styreseminar med Rogaland og Hordaland i slutten av sept -17.

Bakgrunn: Vi ynskjer å fastsette møteplan for arbeidsåret 2017.
Styret bør vurdere og diskutere behovet for eit to dagars arbeidsmøte med overnatting .
Det har og vore snakk om eit felles styremøte med andre idrettskretsar .
Administrasjonen legg fram framlegg om måndag som fast møtedag . Fint om alle kan førebu seg m.o.t egne møteplanar i forkant av styremøtet.

Framlegg :

- Torsdag 9 februar Styremøte
- Måndag 13.mars Fag og Dialogmøte SK, Skei
- Måndag 27.mars Styremøte, Skei
- Måndag 8 mai Styremøte, Førde
- Måndag 12.juni Styremøte, Florø

Sak 21 Økonomisk årsmelding for 2016

Vedtak: Idrettskrinsstyret godkjenner økonomisk årsmelding for 2016 framlegging som eiga sak til idrettskrinstinget med tilråding om endeleg godkjenning.

Bakgrunn: Vedlagt økonomisk årsmelding for 2016

Sak 22 **Rekneskap 2016**

Vedtak: Idrettskrinsstyret godkjenner rekneskap for 2016 for framlegging som eiga sak til idrettskrinstinget med tilråding om endeleg godkjenning.

Bakgrunn: Rekneskap for 2016 er lagt ved. Melding frå revisor vert lagt fram på møtet.

Sak 23 **Årets frivillige i fylket- idrettsnamnet 2017.**

Vedtak: Prisen vert samordna med nominasjon til årets eldsjel på idrettsgallaen. Administrasjonen ser på kriteria for den nye ordninga.

Bakgrunn: Idrettskrinsstyret innstifta i 2014 ein pris for å heidre dei som over tid har gjort ein stor frivillig innsats for idrettslaget og lokalmiljøet sitt . Idrettskrinsstyret gjorde i sak 47/2014-2016 vedtak om at idrettsnamnet 2016 skal tildelast ein ungdom under 26 år . Utmerkinga er ein diplom med motiv av Oddvar Torsheim + blomar .
Sjå vedlagte - invitasjon til organisasjonsledda med kriteriar,
Skal tildelinga av prisen i 2017 ha ein annan profil ,eller skal vi følgje malen frå 2016. Adm. innleiar i saka .



Anne Leversund
Organisasjonssjef